



Og Arkitekter As
Postboks 24
5819 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7741 - 17/1270

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
19.01.2017

Mellombels bruksløyve - Blokk A Langheiane B7 - gbnr 188/770 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 018/17

Tiltakshavar: ORION PROSJEKT AS

Ansvarleg søkjar: OG ARKITEKTER AS

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 21.07.15, 04.09.15, 04.11.15 og 16.03.16.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

Gjenstående arbeider av mindre vesentlig betydning, innanfor den delen av tiltaket det søkes om midlertidig brukstillatelse for, er følgende: Mindre gjenstående arbeider med fliser og mindre ventilasjonsarbeider
Resterende deler av tiltaket, hvor det her ikke søkes om midlertidig brukstillatelse, er følgende: Bygg-B og Bygg-C og resterende parkeringsanlegg/utomhus se redegjørelse arkitekt.

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket: «Blokk A» og delar av garasjeanlegg for «Blokk A» jf. planteikning motteke 22.12.16 (vedlegg F-1 redegjering) som syner sikringstiltak i parkeringsgarasje i høve byggegjerde og rømningsvegar.

Ansvarleg søkar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 30.06.17.

Det ligg føre mellombels dispensasjon frå rekkefølgekrev i gjeldande reguleringsplan, datert 04.01.17, dispensasjonen har gyldighet til 30.06.17.

Det ligg føre mellombels bruksløyve datert 16.01.17 i sak 17/45 for delar av felles teknisk infrastruktur og uteoppfallsareal innan reguleringsplan Langheiane B6 og B7. Følgjande område er ikkje gjeve bruksløyve for; delar av F_KV jf. situasjonskart som syner sikringstiltak og område F_LEIK1.



Det ligg føre godkjent ferdigmelding tilknytning datert 27.12.16, ferdigmelding er gjeve på vilkår.

Det vert elles vist til søknad motteken 22.12.16, søknaden var komplett og klar for handsaming 16.01.17.

Ansvarserklæringar motteke 22.12.16 er registrert på saka.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Langheiane 1- 41
Bygningstiltak:	Blokk A – 21 brukseiningar, og delar av felles parkeringskjellar for blokk A
Bygningsnummer:	300578966
Bruksareal:	2230 m ²
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Offentleg

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for «Blokk A» og delar av felles parkeringsgarasje i felt B7 på eigedom gbnr 188/770. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld fylgjande del av tiltaket: Blokk A og delar av felles parkeringsgarasje tiløyrande Blokk A, jf. vedlegg «F-1 redegjering» planteikning parkeringskjellar som syner rømmning og plassering av byggegjerde.**
- 2. Ferdigattest skal liggje føre innan 30.06.17.**

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/7741

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Orion Prosjekt As

Postboks 449
Nesttun

5853

BERGEN

Mottakarar:

Og Arkitekter As

Postboks 24

5819

BERGEN